

## Møtereferat

Dato: 15.03.2018

Emne:	<b>Referat frå møte 15.03.2018</b>		
Til stades:	Annbjørg Laupsa, Janne Lisen Ringdal Strøm, Dan Stian Femoen, Laila Ulvestad, Kari Spilsberg, Siren Marit Dahl, Hakon Kahrs Sjursen, Marit Virkesdal og Venke Barrikmo		
Forfall:	Christine Taule, Benedicte Meyer, Bjørg Orrebakken Haugland	Sak: 2017/15373-8	
Møtetid:	09.00-10.30	Møtestad: Møterom 932	

### Møteleiar: Annbjørg Laupsa

### Referent: Venke Barrikmo

Annbjørg Laupsa opnar møtet med ein presentasjon av seg sjølv, og grunngir kvifor ho tar over leiarrolla til Nina Ludvigsen.

### 1 Godkjenning av referat frå 25.01.2018

Referatet blir godkjent, etter retting av deltaking/forfall.

### 2 Kort oppsummering av erfaringsdagen 8. februar

Alle svara frå gruppearbeidet er referert i eit eige dokument, som kan gi nyttige innspel i saka. Ressursgruppa får tilsendt dokumentet.

Dagen hadde god regi og mange gode innspel. På det generelle plan blir det løfta spørsmål om kva for systemiske hindringar avdelingane møter. Korleis gi eit godt nok tilbod til elevar med manglande kompetanse frå ungdomskulen, innanfor dei økonomiske rammene skulane har. Det er òg nødvendig å ta ein diskusjon rundt tilrettelegging versus spesialundervisning. Dette er ein viktig diskusjon som må takast i eit anna forum. Ei fortolking av regelverket om elevane sine rettar er nødvendig.

### 3 Informasjon om nokre eksisterande prosjekt el. tiltak med mål om å ivareta elevane si psykiske helse og skulemiljø, m.o.a.:

- a. Os vgs - Livsmeistring (lagt ved oppslag i Os&Fusaposten)  
Avisoppslaget lå ved innkallinga, og blir gjennomgått av leiarrepresentanten. Ho understrekar den viktige satsinga som skjer på Os vidaregåande skule, der psykologteamet i HFK har ei viktig rolle. Prosjektet livsmeistring gir viktige signal, og har stor verdi som eit positivt medieoppslag.
- b. Fusa vgs – psykisk helse og livsmeistring – i skulen sine planar  
Møtet blir presentert for korleis Fusa vgs tar klasseleiing og psykisk helse som tiltaksområde inn i skulen sin utviklingsplan. Gjennom desse to utviklingstiltaka – som heng tett saman, gir skulen tydeleg signal om eiga satsing. Dei brukar òg utfasinga av elevsinpektørstillinga som eit høve til å tenkje nytt. Nysatsinga gir mellom anna eit skulemiljøteam og tilsetjing av ein skulemiljøkoordinator.

#### 4 Innspel til disposisjon i saka

Referenten informerer om disposisjonen som ligg i eit arbeidsdokument p.d.d. Disposisjonen får aksept av møtet, men det er ønskeleg å ha med eit punkt om spesialundervisning versus tilrettelagt undervisning og eit punkt om helse versus opplæring.

#### 5 Innspel frå Bergen katedralskole, avd. Kyrre:

*Hvem som definerer vanskene og hvilket samarbeid det er naturlig at skolen kan «kreve» fra behandlerensiden.*

Alle elever søker inn med en behandler-avtale. Samarbeidet med dei ulike behandlarane er ulikt. Sykehusundervisningen fekk utarbeidd ei avtale med HelseBergen i 2017 – ei avtale som klargjer roller og forståing i tillegg til at pasientstatus er blitt klarare.

Ein debatt om inntaksrutinane er verd å ta, og det blir vist til både Oslo og Stavanger som har løfta inntaket ut av skulen. Den debatten ligg utanfor gruppa si bestilling, om må takast mellom OT/PPT og direktør opplæring.

Det blir stilt spørsmål om målet med arbeidet er å leggje ned avdeling Kyrre, noko som ikkje ligg under gruppa si bestilling.

#### Ymse

Saksordførar ønskjer at det skal skivast ei løypemelding til møtet i OPHE 15.05.2018.

I tillegg ønskjer han at alle skulane i fylkeskommunen får ein e-post med relevante spørsmål for å ta pulsen på alle skulane. Spørsmåla brukt i gruppearbeidet på erfaringsdelingsdagen den 8. februar har relevans i denne samanhengen. Leiarrepresentanten tar med seg forslaget i leiarmøtet, før å få aksept for tiltaket.

Leiarrepresentanten foreslår å avlyse møtet i arbeidsgruppa 20.03.2018, for å få meir tid til skrivearbeidet. Forslaget blir støtta.